



Mykje sunn og god mat vart servert på Uskedal skule sist fredag.

Ein gong i halvåret lagar Elevrådet på Uskedal skule til måltid for alle elevane. Elevrådet ynskjer å utvida ordninga til to gonger i semesteret. Elevrådet tel tilsaman 14 medlemmer og Hilde Bringedal er elevrådskontakt. Uskedal Helselag støttar skulefrukosten med kr. 20,- pr. elev.

Det var sist fredag Elevrådet møtte grytidleg for å laga maten klar til alle elevane kom. Tilsette var med og hjelpte til. Frukosten var god. På menyen stod havregraut, brød, baguettar, pålegg og mykje meir.



Nøgne elever forsyner seg av det som er laga til og sett på bordet.

Skulen vil halda fram med eit skulemåltid i halvåret. Det er som oftast frukost på hausten og eit varmt måltid på våren. Tiltak som dette er samlande i skulemiljøet og har stor sosial verdi.

Eli Roseth Eik, leiar i Uskedal Helselag, også i åra framover vil yta støtte til sunn og god mat på skulen. Elevrådet takkar og er godt nøgd med ordninga.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Hilde Bringedal